

Trur at NRK Vestland vil vera
ein styrke for nynorsken.

SIDE 10

**FLOTT JOLE-
KRYSSORD!**

SIDE 19

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN

NUMMER 4/2019

Rokering

Ole Rolfsrud vekslar mellom å vera journalist,
studiovert og programleiar. Trikset er
å vera så godt førebudd som råd er.
– Det skal ikkje stå på meg.

SIDE 6



KRINGOM

**MEDLEMSBLAD
FOR KRINGKASTINGS-
RINGEN.**

BLADSTYRAR
Kjartan Helleve

TRYKK
Mercur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

23 00 29 50

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!

INNHALD



INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Ole Rolfsrud
- 10 NRK Vestland. Quo vadis?
- 12 Ordskifte
- 14 Lagsnytt
- 17 Reprise: Forviklingar!
- 19 Kryssord!



LEIAREN

KATHRINE NYGÅRD
kathrinekantanygaard@gmail.com

Foto: Kari Nygård Tvilde



Frivillig arbeid?

VI HADDE NETT eit vellukka møte med fire unge nynorskjournalistar. Alle har arbeid i riksaviser og kunne melde om at motstanden mot nynorsk ikkje var veldig stor. Samstundes kom det fram at det ikkje var redaktørane sjølve som oppmoda dei om å skrive meir nynorsk. Det var eit val dei måtte ta på eiga hand – og dermed også stå til ansvar for rettskrivinga og følgeleg også redaksjonens nynorskprosent.

DET FINST FÅ KORREKTURLESARAR, datasystem og skriveprogram, og det er ofte langt til neste nynorskbrukande journalist som kan sjå over innhaldet til kvarandre. Det er prisverdig at journalistane sjølve tek denne kampen, men det held ikkje at det skal vere opp til kvar enkelt journalist å måtte stå for språkmangfaldet. Det er viktig at nynorsk blir synleg – og det er i avisene språket blir mest synleg. På møtet vart det poengtert at det nettopp er i media målsaka har størst framgang og potensial til å vere meir synleg.

FOR IKKJE LENGE SIDAN sende vi inn høyringssvar til den komande språklova. Det var eit relativt kort innspel, der vi støtta framlegget i paragraf 1, om at staten har ansvar for å fremje nynorsk. Argumentet var at det ville gjere det lettare å kople på eit krav om nynorsk i alle moglege statlege støtteordningar.

NYLEG SENDE Kulturdepartementet ut eit framlegg til ny lov om mediestøtte. Den har sjølvsagt mange gode intensjonar, og vi stør punkta om samiskspråklege media og aviser i Finnmark. Problemet er at framlegga ikkje inneheld eit einaste ord om nynorsk. Det står faktisk ikkje eit ord om det norske språket i det heile. Det synest ikkje vi i Kringkastingsringen at held. Dette er eit styringsdokument for ei av dei viktigaste støtteordningane for norsk tekstproduksjon.

KULTURDEPARTEMENTET burde ha kalla inn til samrådsmøte. Det er openbert at det sit byråkratar på kvar sine kontor og arbeider med kvar sine saker. Vi har ingen fasitsvar og veit ikkje kva som er den optimale løysinga, men slik det er i dag, er nynorsk i riksavisene omtrent ei frivillig ordning. Og det er ikkje godt nok.

Pippi språkheidra

Den munnrappe raudtoppen Pippi har gledd barn via TV-skjermen i 50 år, og i det høvet får Pippi-skodespelaren over alle, **Inger Nilsson**, Nordens språkpris frå Foreningen Norden.

- Den svenske skodespelaren har gjort Pippi Langstrømpe til ein udøyeleg karakter som har hatt ein uvurderleg verdi for språkforståinga blant barn i heile Norden, heitte det i grunngjevinga.

Juryen trekkjer vidare fram at Nilssons «tidlause portrettering av Astrid Lindgrens mest folkekjære karakter har opna ei ny verd hos barn, ikkje berre i fantasien, men også inn i språket.

- Det er heilt fantastisk! Ein får ikkje pris kvar dag! Det er ei ære, verkeleg. Eg vart utruleg overraska, helsar Nilsson sjølv.

Foreningen Norden deler årleg ut Nordens språkpris «til en person, institusjon, myndighet, organisasjon, bedrift eller ildsjel som på en innovativ og god måte bidrar til å styrke den nordiske språkforståelsen». (NPK)



Foto: SVT



(Foto: Vidar Ruud / NTB scanpix / NPK)

Karoline Riise Kristiansen tilsett som språksjef i NRK

Karoline Riise Kristiansen (41) er tilsett som ny språksjef i NRK. Som språksjef får Kristiansen ansvaret for å røkte språket i heile NRK.

Karoline Riise Kristiansen kjem til NRK frå NTB og stillinga som ansvarleg redaktør for Nynorsk pressekontor (NPK), der ho har jobba sidan 2009.

Stillinga som språksjef er plassert i nyheitsdivisjonen, og nyheitsdirektør Helje Solberg seier ho er glad for å ha fått Kristiansen med på laget.

- Det har vore viktig for oss å finne ein språksjef som både har god redaksjonell erfaring og fagleg tyngde på norsk språk. Det har Karoline, i tillegg til å vere ein positiv kulturskapar som bygger gode relasjonar i nettverk, seier ho.

Karoline Riise Kristiansen sjølv er svært fornøgd med å komme til NRK.

- NRK er Noregs største og viktigaste mediehus, også når det gjeld språk. Eg takkar for tilliten og gler meg til å arbeide saman med alle dei flinke folka som er i NRK over heile landet, seier den påtroppande språksjefen.

Ho tiltrer i NRK 3. februar neste år. Inntil ho er på plass, vil Dagsrevyens Ingvild Bryn fungere som NRKs språksjef. (NPK)

TV-tittinga dalar

I august såg nordmenn mellom 10 og 79 år i snitt 92 minutt TV kvar dag. Det er 16 minutt mindre enn i same månad i fjor. Det utgjer ein nedgang på 14,5 prosent frå august i fjor, melder Kampanje. Nedgangen er endå større blant sjåarar mellom 20 og 49 år, som i gjennomsnitt såg 57 minutt TV kvar dag i august. Det er 17 prosent mindre enn i august i fjor. NRKs TV-kanalar har ein tilbakegang på 4 prosentpoeng til ein sjåardel på 36,3 prosent. TV 2 har ein oppgang på 0,8 prosentpoeng til ein sjåardel på 26,4 prosent for TV-kanalane sine. Discovery-gruppa aukar 1,8 prosentpoeng og har ein sjåardel på 19 prosent, sjølv om hovudkanalen deira TVNorge har ein liten tilbakegang. (NPK)



Foto: NRK

Vibeke Først Haugen konstituert kringkastingssjef

Thor Gjermund Eriksen tar permisjon frå jobben som kringkastingssjef i tre månader på nyåret. No er det klart at avløysaren hans blir **Vibeke Først Haugen**. Det stadfestar styreleiar Birger Magnus i NRK til Medier24.

Haugen er i dag programdirektør for NRKs Marienlystdivisjon. Ho seier til avisa at ho ser fram til nye oppgåver.

- Eg får moglegheita til å sjå NRK frå ein litt annan stad. No blir oppgåva å sørge for at ein ikkje mistar farten, seier ho. Kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen tar permisjon for å studere ved Forsvarets høgskole frå midten av januar til påsken 2020. Eriksen seier at han er heilt sikker på at Haugen vil gjere ein glimrande jobb. (NPK)



Netflix med runestein

Innbyggerane i Odda var dei første som fekk vite premiereda-toen for Netflix januarklare, norske serie «Ragnarok» – dersom dei kunne lese runeskrift. Strømetenesta plasserte nemleg ut ein stor stein – ni tonn tung og to meter høg – ved sjøkanten nær det lokale kjøpesenteret, med runepåskrift og undertekna Netflix.

- Det stemmer at det er vi som har sett den opp. Etter all velviljen som er vist frå lokal-samfunnet under innspelinga, ville vi at dette skulle vere den første staden i verda som fekk vite når serien kjem, uttaler **ein representant frå Netflix' norske pressteneste** til lokalavisa Hardanger Folkeblad. Serien er spelt inn over fleire periodar i Odda det siste året. Netflix melder at runalyder: «Ragnarok kjem 31. januar 2020». Steinen blir truleg ståande fram mot premieren. (NPK)

Kos med sjakk

– Å sjå ei sjakksending skal vera som å bli invitert med på ein hyttetur, seier **Ole Rolfsrud**. I romjula er det klart for nye parti.

Eg slo nett «martin0029» frå Nederland med ei rating på 1010.

Ole Rolfsrud møter meg med humor. Han har sjølv ei rating på litt under 1000, så det å slå nokon høgare plassert, gjer godt. Han kallar seg sjølv ein «ganske dårleg» sjakkspelar, sjølv om han dei siste åra har vore tett på dei aller beste spelarane i landet. Nokre triks har han likevel plukka med seg.

– Eg har lært fire ting av Torstein Bae; 1) tidleg utvikling av dei lette offiserane, 2) ta kontroll på sentrum, 3) få kongen trygt plassert og 4) prøv å ikkje dra ut dronninga før trekk ti, forklarar Rolfsrud.

Og han avslører på den måten ein viss yrkesskade. For sanninga er at han knapt hadde noka interesse for sjakk før han vart utegående reporter under sjakk-VM. I romjula er det klart for ein ny runde med lyn- og hurtigsjakk.

– I 2013 gjekk det ut ein felles-epost om at NRK har fått rettane til å senda VM-kampen mellom Magnus Carlsen i Vishy Anand, i India. «Det startar om tre veker. Me treng eit menneske der nede.» Og eg må innrømme at eg tenkte: India! Vera ein månad i India? Klart er vil! Heilt i byrjinga var sjakk

litt sekundært. Men eg nilas ei bok om Magnus Carlsen på flyet nedover, skriven av Hallgeir Opedal. Etter kvart fekk eg innblikk i det sjuke sirkuset eit VM i India er, fortel Rolfsrud.

OVERRASKANDE SUKSESS

NRK visste ikkje heilt kva dei hadde snubla over. Dei frykta at sjakksendingane skulle bli langdryge og laga difor ei rad innslag som dei skulle bryta opp sendingane med. Det synte seg at uroa var overdriven.

– Me brukte ikkje eit einaste innslag. For me måtte venta på trekket. Det var underhaldning nok.

– *Underhaldning?*

– Eg er av den oppfatninga at nitti prosent av det me held på med, er underhaldning. Når du ser på ei femmil, så er jo det underhaldninga. Det ligg vel i sportens natur. Ein vil ha ei forteljning, og ein skal vekkja kjensler.

– *Men det er meir kos i sjakksendingane?*

– Det var medvite heilt frå starten. Eg har ikkje vore med i studio før no sist under VM i Fisher-sjakk, men målet har heile vegen vore at det skal vera som å bli invitert med på ein hyttetur.

OLE ROLFSRUD
Sportsjournalist og
programleiar i NRK

(Foto: Kataran Helleve)



Klare for meir sjakk.
F.v.: Torstein Bae,
Ole Rolfsrud
og Heidi Røneid.
(Foto: Julia Marie
Naglestad/NRK)

FAVORITTAR

RADIOPROGRAM:

Dagsnytt 18, Studio2, Ekko

PODKAST:

Guardian Football Weekly,
Sånn er du, Hele historien,
Usagt

NETTSIDE:

NRK, BBC, Sky Sports,
Guardian

KAFFIMAT: Svele

Praten går rundt bordet mellom trivelege folk. Me inviterer folk inn, og saman skal me sjå på dette sjakkpartiet. Torstein Bae sit der utan sjakkprogram, han veit ikkje kva som er det beste spelet. Han tenkjer høgt saman med dei andre gjestene eller sjåarane. Borg-hild frå Kyrksætrøra kan koma med framlegg til trekk, og Bae kan seia «Absolutt et godt forslag fra Borghild», men så syna kvifor det ikkje er så lurt. Og det beste er om Magnus Carlsen likevel gjer som Borghild gjorde framlegg om, og då ser du berre føre deg korleis ho sit heime i stova og slår seg på brystet.

– Korleis var det å bli ansvarleg, å bli vert?

– Det gjev energi. Ein er jo berre omgitt av flinke folk. Det er berre å prøva å halda stemninga oppe, halda på varmen, få folk til å kjenna seg velkomne. Dette gjeld kan henda særleg no før sendingane i romjula. Me har fått nokre e-postar frå folk som sit aleine, gjerne litt eldre folk, som ber oss om å senda meir av dette.

KJEKT Å FÅ TILLIT

– No har du vel fått litt erfaring frå laurdags-
underhaldninga?

– Det var sjakken som gjorde at eg hamna

der. Det var ei leiarsamling i NRK, og eg vart beden om å seia noko om sjakk. Eg valde då å gjera litt ut av det, det var trass alt leiarane som sat der. Mellom dei sat prosjektleiarane for «Alle mot 1», og ho såg tydelegvis noko ho likte, sidan ho bad meg om å vera programleiar.

– Kor skremmande var det å få det ansvaret?

– Det var tvert om fabelaktig. Tenk å få den tilliten. Halvannen time direktesendt program, laurdag kveld på NRK1. Det er slik eg tenkjer. Tenk å få ein slik tillit. Og det er heilt fantastiske folk som arbeider der. Eg plar samanlikna det med ein formel 1-bil. Det er så mange som er med på å utvikla ein slik bil, ingeniørar og mekanikarar som arbeider i fleire år med å finna dei beste løysingane. Og det er éin person som skal køyra han. Slik er det eg kjenner det. Difor er eg utruleg godt førebudd til dei sendingane, både fysisk og psykisk og på alle måtar. Det skuldar eg alle dei som har arbeidd med programmet og dei som ser på. Det skal ikkje stå på meg.

– Me er jo veldig glade for at spørsmåla og grafikken er på nynorsk. Har det noko med deg å gjera?

– Det har det. Det er jo eg som frontar dette programmet, og nynorsk ligg no ein gong nær måten eg snakkar på. Dette var eit godt høve til å få litt nynorsk inn på ei sendeflate der det ikkje er så mykje frå før. Det var heilt uproblematisk, og eg håpar berre at dei også får det til i app-en.

– Så du har eit språkmedvit?

– Det er har eg, absolutt. No har eg fått snakka slik eg gjer heile vegen. Der var eg heldig med timinga. Ingerid Stenvold hadde ein veldig harang med NRK om bruk av dialekt. Ho bana veg, slik at det vart råd å halda på dialekta. Hadde eg kome inn for femten år sidan, så hadde det vore verre. Skal eg vera ærleg, så handlar det mest å ha eit godt språk, og nynorsk er no ein gong eit rikare språk. Det har eit fantastisk potensial. Men det skal òg vera råd å forstå. «Uvita» er eit ord eg ikkje nyttar så ofte, det blir berre støy for folk.

SJELDAN SUR

– Kva er kjekkast? Sport eller laurdagsunderhaldning? Det er vel no du skal seia at alt er like morosamt.

– Nja, no er det jo skilnad på å vera programleiar i «Alle mot 1» og det å sitja på

desken og laga overskrifta «Klæbo håper på å vinne». Må innrømme det.

– Du er flink med overgangar og verkar ha ein god tone med dei andre i studio?

– Studiosendingane er veldig formaterte, dei fylgjer ein veldig fast mal. Det einaste rommet ein har for å laga litt energi, er nett i desse overgangane. Då snakkar ein med ein annan person, og ein kan nå ein kort kommentar om saka som kom i framkant. Så eg plar alltid sjå den siste nyhendesaka som skal sendast før det er min tur. Om det ikkje er ei sak som handlar om død og kolera, så er det fint å finna noko der ein kan byggja vidare på.

– Er det vanskeleg å vera så jovial om du t.d. har ein litt tung dag?

– No er eg veldig sjeldan sur og mørk. Eg har lite å klaga over. Det kan sjølv sagt vera ting eg er usamd i, ting eg kunne ha gjort betre. Men i det eg kjem i studio, så er slikt vekke. Eg justerer sjølv sagt om t.d. Therese Johaug er teken for doping, men i ni av ti tilfelle er det underhaldning me driv på med. Då må me underhalda.

KJARTAN HELLEVE

Stort kan vera bra

Fleire fryktar mindre nynorsk med felles nettsider i NRK Vestland. Distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane Terje Gilleshammer deler ikkje bekymringa.

NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland vurderer ei felles nettside når dei blir slått saman til NRK Vestland i januar. Mållaget, NMU og Kringkastingsringen er uroa for at dette vil svekkja posisjonen til nynorsk både i NRK Sogn og Fjordane og NRK nasjonalt.

«Med ei felles nettside er det grunn til å tru at det i lengda vil verte færre nynorskartiklar og meir på bokmål. Nettopp fordi det er stor forskjell på å ha ei redaksjonell linje der alt er på nynorsk, og ei redaksjonell linje der det er heilt greitt å også levere bokmålstekstar», heitte det i ei pressemelding.

Når NRK Sogn og Fjordane og NRK Hordaland frå nyttår blir slått saman til NRK Vestland, held dei fram med samsending på NRK Vestlandsrevyen som før, og med egne radiosendingar både frå Førde og Bergen. Samtidig opnar dei for meir samarbeid også på radio i tilfelle der dette vil vera naturleg. No diskuterer dei korleis dei skal organisera tilbodet på nett, og vurderer ein felles front i eit nrk.no/vestland.

–TRUR DET KAN VERKA POSITIVT

Distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane Terje Gilleshammer sit i leiargruppa i Region Vest, og deler ikkje bekymringa til målrørsla.

– Etter mitt syn er det ikkje noko som tilseier at dette skal svekkja nynorsken, kan-skje tvert om, seier Gilleshammer.

– Miljøet i gamle NRK Sogn og Fjordane vil halda fram med å skriva nynorsk og vil vera eit viktig nynorsk miljø. NRK Hordaland har mål om 40 prosent nynorsk og har til dømes hatt heile 50 prosent nynorsk på nett dei siste 90 dagane.

Difor trur han det kan ha positiv verknad at denne samla produksjonen kan bli presentert for eit endå større publikum både i Vestland og nasjonalt. Han fortel at dei to kontora i dag har om lag 120 saker på den nasjonale fronten nrk.no i månaden, og trur at eit samarbeid mellom to sterke nynorskkontor kan føra til endå fleire godt lesne saker som når eit nasjonalt publikum.

– Ein del av trafikken kjem rett på portalen vår, rett til NRK Sogn og Fjordane si side, seier Gilleshammer.

– Men det aller meste av trafikken kjem frå nrk.no, frå søkjemotorar eller lenkjer på sosiale media. Er det då viktig å halda på egne sider? Eg er ikkje så sikker. NRK Vestland vil få ei viktig rolle for å dekkja heile det nye store fylket Vestland. Og ein portal for Vestland kan bidra til det.

EIGA ARBEIDSGRUPPE

– For om lag eit år sidan vart det skipa ei arbeidsgruppe i det som heiter NRK Region Vest, som også inkluderer NRK Rogaland. Målet var å betra nynorskprosenten det det var mogleg. Mellom tiltaka var å halda nynorsk kurs,



(Foto: NRK)

laga ei fadderordning for dei som hadde lyst å ta steget, og generelt framsnakka nynorsken. Men det viktigaste var å setja egne mål for kvar redaksjon. Då vart det nærare, det vart ei tevling og det var lett å sjå resultat av arbeidet. På den måten fekk journalistane og redaksjonane eigarskap til oppgåva, og det var ikkje berre noko som vart tredd ned over hovudet på dei. Det sikra at omsynet til nynorsken er høgt opp på lista.

– *Denne arbeidsgruppa, korleis kom ho i stand?*

– Det var eit tydeleg signal når Kringkastingsjefen stod på scena under nynorskseminaret i Førde og sa at dette var eit viktig arbeid. Den viljen som leiinga har synt, gjer at det ikkje lenger er snakk om «kvifor». No er spørsmålet «korleis». Eg opplever stor handlefridom i arbeidet. Andre distriktskontor har valt andre løysingar og organisasjonsstruktur enn det me har.

BRA AT DET STORT OG TUNGT

– *Du er ikkje redd for at de blir ei for stor eining?*

– Me har gått frå å vera deltakarar i eit

noregsmeisterskap, til å vera med i eit verdsmeisterskap. NRK Super kjempar om merksemda med Netflix og YouTube. Det er ei veldig utfordring. Men enn så lenge har dei lite norskspråkleg innhald, og dei kan ikkje slå oss på lokal tilknytning og nærleik. I det ligg svaret på korleis me skal svara på denne utfordringa. Difor er det viktig for oss å vera nær der det skjer, slik me er i dag. At me blir ein større organisasjon, trur eg ikkje kjem til å endra noko på det. Og eg trur det er bra for nynorsken at det nye distriktskontoret blir såpass stort og tungt.

– *Blir det dobbelt så mange saker no?*

– Tendensen i NRK er at det blir publisert færre, men grundigare saker. Sjølv i vår egen portal er talet på saker halvert dei siste to åra. Dette handlar ikkje om samanslåinga av distriktskontora, men noko NRK har arbeidd medvite med i fleire år. Men no trur eg ikkje me skal lenger ned. For oss er det viktig å tenkja på praktikantane ved mediesenteret. Om kravet til saker blir for høgt, kan det føra til publiseringsvegning. Det må vera lov å prøva seg.

KJARTAN HELLEVE + NPK

Kringom vurderer jolehefta 2019. Mediepolitisk.

SMØRBUKK •••••

Heftet fortel om tre søsken som ynskjer å feira ei tradisjonell jol. Dei skal også laga jolematen sjølv, som inkluderer å slakta ein gris som dei har kjøpt med seg. Dei har invitert den lokale fjernsynskanalen til å filma sjølve slaktinga. Smørbutikk tykkjer dette er ugrent.

Her er det fleire etiske problemstillingar som blir løfta opp. Er det rett å gjera slakting til underholdning? Ynskjer søskena berre å bli kjendisar? Kan ikkje bli anna enn toppkarakter!

VANGSGUTANE •••••

Vangsgutane hamnar ut på eit eventyr som inkluderer nazistar, vikingar, Laurits, Sterk-Ola, Indianar-Jonsen, Flygar-Birger og Tarald Holm. Tarald har med seg eit filmkamera. Om det blir ein film av opptaka, får me truleg ikkje vita før neste jol.

Tarald gjer rett i å filma hendingane. Få, om nokon, ville ha trudd på denne saga om det ikkje hadde blitt dokumentert på skikkeleg vis. At han på eit tidspunkt filmar rett ned i ei open grav, får heller vera. Bra!

INGENIØR KNUT BERG •••••

Ingeniøren levde eit spanande liv, og difor kan ein ikkje venta anna enn at det er kapittel i livet som handlar mest om skumle typar i Afrika. Ingen kan fly rundt i romskip heile tida. Av og til må det skytast løver òg.

På eit tidspunkt kjem følget til ein landsby, der «dei høyrde nyhende». Det står ikkje noko om korleis dei høyrde det, men truleg var det på radio. Det dei høyrer, er til god hjelp i jakta på den austerlandske fyrsten. Heilt rett! Lytt på nyhende!

TUSS OG TROLL •

Det er kjekt med eventyr. Men det er akkurat det: eventyr. Me har bladd gjennom årets Tuss og Troll utan å finna eit einaste spor av korkje mediekommentarar, mediekritikk eller eit einaste ord om momsrefusjon for riksavisene. Er du på jakt etter jolehefte som seier noko om sosiale media? Styr unna dette!

RED.



1. Knut Berg, munken Tala og kjempa Max hadde reke faret åt Toron inn til dei store sjoane. Dei fann ikkje far etter nokon austerlandsk fyrste lenger, men då dei stana i ein landsby, høyrde dei nyhende.

Korleis reknar ein ut nynorsk% i NRK?

I forrige nr. av Kringom skriv Sylfest Lomheim at dei fleste i NRK snakkar ein eller annan dialekt og at normert målform er påbode i nyhendesendingar.

Når det så gjeld målregistreringa så skriv han at normalnorsk kjem på nynorsk-kvoten og normalbokmål på bokmålskvoten. Og all dialektbruken blir delt likt mellom nynorsk og bokmål.

Men då blir mitt reknestykke følgende:

Nynorskdelen som kjem frå dialektbruken må vera minst 25 %, sidan fleirtalet (meir enn 50 %) snakkar dialekt. Så utgjer normalnorsk kanskje 3–4 %. Til saman vil dette gje 28–29 % nynorsk i NRK sine statistikkar. Og det har det ALDRI vore!

Eller sagt litt enklare:

Sett at det blir tala 25 % normert bokmål og 5% normert nynorsk i NRK.

Då blir det tala 70 % dialekt! Deler ein dette likt blir det 35% bokmål og 35 % nynorsk.

På denne måten har NRK 40 % nynorsk og har kome langt over det Stortinget krev.

Så mitt spørsmål til Sylfest Lomheim blir: Kvar er det eg reknar feil eller har misstydd?

OLAV HØGETVEIT

Opplysende kommentar

Olav Høgetveit sin kommentar er i og for seg opplysende, for kommentaren syner kor meningslaus situasjonen er - dersom poenget med målstatistikken er å få fram om NRK har 25 % nynorsk eller ei. Det var nemleg poenget då Stortinget vedtok dette, i 1970.

Me kan vel vera samde om at det berre er (maksimum?) 5 % nynorsk normert tale i NRK i dag. Talt bokmål? Kanskje rundt 25 %? Eller 30 %? (Det finst nemleg hevdvunne reglar i NRK for kva som er normert tale eller ikkje; det kan eg ikkje gå nærare inn på her. Men dei som meiner slikt ikkje finst i NRK, tek altså feil.) I alle fall - hovudtyn-gda av talemålet i NRK er verken nynorsk eller bokmål, men dialekt eller dialektprega. Slik er det, slik kan me rekna med det blir framover.

At dialektane dominerer, har eg ikkje mykje imot; eg var blant dei rundt 1980 (då nye språkreglar skulle vedtakast) som kjempa for at det skulle vera journalistens eiga sak å velja talemål, dialekttale eller normert tale, med eit par unntak - til dømes i Dagsnytt og Dagsrevyen. Og slik vart det.

Men dagens statistikkføring i NRK er villeiande; kva som blir registrert som dialekt eller nynorsk er slett ikkje å stola på. Dermed er slutt-tala heller ikkje å stola på. Det er berre når det gjeld skriftleg norsk i NRK at ein kan vera rimeleg trygg på at fordelinga mellom nynorsk og bokmål stemmer med røyndommen.

Det er mi mening at talemålsstatistikken i NRK (dialekt, bokmål, nynorsk) burde gåast skikkeleg gjennom, fagleg.

SYLFEST LOMHEIM

OPE MØTE:

Meir språkleg
sjølvtilitt

Løysinga for meir nynorsk i riksavisene går gjennom journalistane. Men dei skulle gjerne vore fleire og tryggare.



Fv.: Jens Kihl, Anders Veberg, Mone Celin Skrede, Espen Moe Breivik og Kari Nygård Tvilde. (Foto: Kathrine Nygård)

Dei siste åra har både Aftenposten og VG blitt heidra for å ha opna opp for meir nynorsk. Noregs Mållag var raskt ute og gav Gard Steiro Målprisen 2017 og Aftenposten fekk Målblome i 2018. Men flaumen av nynorsk lét venta på seg. I november samla Kringkastingsringen ein bukett med unge nynorskjournalistar til ordskitte i kjellaren på Kaffistova i Oslo.

IKKJE MOTVILJE

Anders Veberg arbeider no mest med podkast i Aftenposten, men for nokre år sidan skreiv han eit lengre intervju med Åsmund Nordstoga. Den gongen tykte han at det var unaturleg at ein så profilert målmann skulle bli sitert på bokmål. Dette har også tidlegare vore nytta som argument for nynorsk, at det er naturleg. Men Veberg fortalde at det er eit heilt anna klima for nynorsk i avisa.

– Det har nok vore ein mistanke om at det sit redaktørar på toppen av avisa som konsekvent seier nei til nynorsk i Aftenposten. Men då eg gjorde framlegg om å skriva Nordstoga-intervjuet på nynorsk, fekk eg ikkje nokon motbør. Ein skal likevel ha ein god porsjon språkleg sjølvtilitt for å gjera det i kvardagen. Det er ikkje så mange nynorskskrivarar i avisa, og då blir det vanskeleg i ein travel kvardag, sa Veberg.

Samstundes hadde det nye språkregimet endra noko. Då leiinga la fram dei nye språkreglane på eit internt allmøte, var eit av argumenta mot nynorsk at det ikkje var nokon som kunne lesa korrektur på tekstane. Då var det først ein, og etter kvart fleire som stakk handa i lufta og sa at jo, dei folka finst.

– Det blir likevel for lite til at det kan bli eit levande avispråk ut av det. Det blir ikkje spissa nok, ein får ikkje nok trening, meinte Veberg.

HAR IKKJE SYSTEM OG VERKTØY

Ein stad det dukka opp meir nynorsk, var i VGTV. Her har nynorskjournalistar tydelegvis fått fritt spelerom, eventuelt har dei ikkje møtt den same motstanden i systemet.

–VG trong Gard Steiro for å opna opp, sa **Espen Moe Breivik**, videojournalist/reporter i VGTV.

– Han har vore tydeleg på at det er greitt med nynorsk. Språkpolitikken har ikkje blitt totalt endra, men det har gjort det mogleg for oss som vil bruka nynorsk, å gjera det. Men det er tyngre. Det manglar programvare, og systema våre har ikkje noko val for nynorsk retting. Det blir også eit hinder når ein skal samarbeida med ein journalist som skriv bokmål. Så eg skulle nok sett at endringane vart litt

meir djuptgripande. Det er få som stikk kjeppar i hjula, men me treng å bli eit større fagleg miljø, sa Breivik

– Men VG har totalt endra språkpolitikken sin, svarta **Jens Kihl**. Han er kommentator i Bergens Tidende og arbeidde tidlegare i Klassekampen.

– Frå å ha ei nynorsk bokmelding kvart tiande år, er det no korte videoar teksta på nynorsk på framsida av nettavisa. Det er ei kjempeforandring til det betre. Dette er ein måte for VG å visa at dei er ei avis for heile landet, sa Kihl.

Han var samd i at mykje handla om å laga ein nynorsk kultur. Trass i at det var relativt få av journalistane i Klassekampen som skreiv nynorsk, opplevde han ein vilje til prøva seg på det.

HADDE TRUNGE KORREKTURLESARAR **Mone Celin Skrede**, journalist i Aftenposten og Dag og Tid, meinte at det ville ha vore til hjelp med ein korrekturlesar.

– Når ein ikkje har korrekturlesar, så ligg ansvaret hjå journalistane. Dei får ansvaret for å skriva rett. Når det er journalistar som skriv ulike former for nynorsk, då kan det vera vrient å retta kvarandre. Det ville vore lettare om ein hadde ein korrekturlesar som hadde stålkontroll på alle former, meinte Skrede.

Kihl peikte då på at det aldri har vore færre korrekturlesarar i avisene, men at det heller aldri har vore så mykje nynorsk. Han var likevel samd i at det handla mykje om å laga eit godt nynorskmiljø.

Alle var samde i at redaktørane som hadde opna opp for nynorsk, fortente ros, men Kihl ville også gje ein klapp på skuldra til andre. Eller seg sjølv.

– Nynorsk går fram på ein del område, og ikkje minst i media. Me som er nynorskjournalistar heilt eller delvis, skal ta litt ære for det. Nynorsken er ikkje på framgang i akademia eller i næringslivet. Det er i media det skjer positive ting, sa Kihl

Møtet vart, som vanleg, leia på ein framifrå måte av styremedlem **Kari Nygård Tvilde**.



F.v.: Marius Lillelien (NRK), Kjartan Helleve (K-ringene), Reidun Martol (NRK), Gunnhild Skjold (NMU), Magne Aasbrenn (Mållaget), Gro Morken Endresen (Mållaget), Ingvild Bryn (NRK), Hildegunn Soldal (NRK) og Thor Gjermund Eriksen (NRK). Ikkje til stades då biletet vart teke: Øyvind Lund (NRK). (Foto: Hilde Klæth)

Møte med NRK-leinga

I november var det dags for det tradisjonsrike møtet mellom målrørsla og NRK-leinga.

Kringkastingsjef **Thor Gjermund Eriksen** opna med å seia at dei låg veldig godt an til å nå kravet på 25 prosent. Det vil i så fall vera fyrste gong. Han understreka at dette ikkje skulle vera eit tilfeldig hopp.

- Me håpar at me kan koma over til eit stadium der nynorskprosenten ikkje er ein høgdekonkurranse kvart einaste år, og me akkurat kjem over lista. Hovudpoenget må vera godt språk, og så er ei viss nynorskmengd berre ein av fleire faktorar i det arbeidet, sa Eriksen.

Sjef for distriktsdivisjonen, **Marius Lillelien**, gjorde så kort greie for arbeidet med å omorganisera distriktskontora slik at dei følgjer dei nye fylkesgrensene. Han sa at det ikkje finst noko mål å sentralisera, og at mange av avgjerdene vil bli tekne på regionalt nivå.

Terje Gilleshammer frå NRK Sogn og Fjordane og regiondirektør Vest, **Rune Møklebust**, var med på videolink. Dei fortalde om eit auka medvit om nynorsk, og at dei var i gang med å auka nynorskprosenten.

- Nynorsk har vorte eit fellesprosjekt for oss her i vest, og vi merkar at også Rogaland er

meir oppteken av nynorsk enn før, sa Gilleshammer. Møklebust trudde ein vil nå lenger ut med ei sams side.

- Me reknar med at den nye felles nettsida kjem til å ha om lag 80 % nynorsk, og slår me oss saman, så når me langt fleire folk med alle sakene våre.

Reidun Martol, leiar for tekstredaksjonen, gjorde så greie for arbeidet med simultanteksting. Ho forstod at feil var irriterande, men understreka at det å teksta i sanntid er ekstremt sport og at feil vil dukka opp. På spørsmål om korleis dei avgjer kven som skal bli teksta på nynorsk, sa ho at dei vurderte program for program.

- Som eit hovudprinsipp prøver vi å leggja oss på den språklege profilen til programmet. Til dømes blir alle gjestene hjå Linda Eide teksta på nynorsk, fortalde Martol.

Til slutt var me så vidt innom arbeidet med å få fleire NRK-journalistar til å skriva nynorsk. Dette var noko NRK for så vidt dreiv på med, men fungerande språksjef **Ingvild Bryn** hadde helst sett at dette vart eit emne i det journalistane blir tilsette.

RED.



Eit av dei store høgdepunkta i saga om norsk fjernsyn er at NRK greidde å senda ein parodi på såpeoperaer før dei byrja å senda skikkelege såpeoperaer. Eit tilsvarande lågpunkt er at når dei fyrst byrja å senda såper, så gjorde dei det på kveldstid.

Såpeoperaer er tv-seriar fulle av melodrama, sentimentalitet og dramatisk innanfor dei fire heimlege veggane. Namnet kjem av at dei vart sende på dagtid, sikta seg inn mot husmødrer og difor ofte var sponsa av såpeprodusentar.

Parodiserien Soap var ikkje ein såpeopera, men ein komiserie som spelte på mange av klisjeane. Han vart sendt på amerikansk fjernsyn frå 1977 til 1981, og gjekk i beste sendetid på kveldstid. Serien spinn rundt dei to søstrene Jessica og Mary. Jessica er gift rik, medan Mary har gifta seg inn i arbeidarklassa. Og det er berre den fyrste konflikten.

I Noreg fekk serien namnet Forviklingar. Sjølv er eg altfor ung til å hugsa akkurat kva serien handla om, men når eg leitar opp bilete, kjenner eg att fleire av skodespelarane. Men det er to ting som har festa seg. Det eine er ein heilt usannsynleg fengande melodi. Det andre er kommentarane som vart lesne av Harald Mæle. «Stadig like forvirra? Ikkje etter denne episoden av Forviklingar!»

Harald Mæle starta karrieren sin i NRK som kanalvert. Eit av særtrekka til såpeoperaer er at dei endar med eit spørsmål, noko som gjer at du får lyst til å sjå neste episode. Dette spelar sjølvsgagt også parodien på. Det er råd å sjå føre seg at det er kanalverten som normalt seier dette, og det var truleg slik Harald Mæle enda opp med jobben. Seinare skulle det å leggja på norske stemmer bli yrket hans, noko han også fekk heiderspris for av Amanda-juryen i 2015.

Eg les meg fram til at serien var kontroversiell i USA, særleg i konservative kretsar. Det skal vel ikkje så mykje til. Men så leita eg meg fram til ein episode der faren i huset finn ut at sonen (?) er interessert i ei svart jente. Og han er tydelegvis skeptisk til det. Ein annan son (?) seiar at han ikkje skjønner problemet. Då seier faren: «Sjølvsgagt gjer du ikkje det. Du dater jo menn. Kva er ei svart jente samanlikna med det? Ingenting. Du kunne ha kome inn her med ei geit, utan at eg hadde brydd meg.» Eg ser at det er krut i slike replikkar. Også utanfor konservative kretsar.

I 1983 starta NRK å senda Dynastiet, og vipps var det ikkje rom for parodi lenger.

KJARTAN HELLEVE



GULL I ARKIVET:
 Ein tidlegare sekretær var innom og leverte frå seg ein perm med historisk materiale. Mykje spanande å lesa! Mellom anna ei utgåve av Norsk Tidend frå 1971, ei tid då Kringkastingringen var djupt inne i drifta av avisa.
 Det er ikkje alltid like enkelt å finna ei fengande overskrift. Då får det greia seg med at ein understrekar kva saka gjeld.

Løysing kryssord 3-19

Me er den leiande nynorske mediepolitiske interesseorganisasjonen i verda. Men me kan også sjå at det er skeivfordeling på andre område. Difor var løysinga i førre kryssord: **KUNNE VEL OGSÅ HATT MED SEG NOKRE JENTER**. Men strengt tatt var det berre eit billig poeng, då dei har med seg mange jenter på desse turane. Men skal ein nå fram med budskapen, gjeld det å spissa han ørlite. Tre som greidde å spissa blyanten og finne rett løysing var:

Lars Moa, Stjørdal
 Kåre Belsheim, Bodø
 Dagfinn Alstadsæter, Bergen


Dei kan venta seg ei lita merksemd i posten.
 Me gratulerer!



KRYSS-ORD


EINAR SØREIDE

Send anten heile kryssordet til Kringkastingringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo eller løysingssetninga til post@kringkastingringen.no og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til! Frist: 1.2.2020.



RETUR:

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo



KRING-
KASTINGS-
RINGEN

25%

